

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 13.6.23

Stad: Fjordsenteret

Sak 22/23. Søknad frå DNT Oslo og Omegn om løyve til helikoptertransport til Kongshelleren

Saksopplysning

Fjellstyret har motteke ein e-post frå DNT Oslo og Omegn med søknad om løyve til landing med helikopter i samband med materialtransport til Kongshelleren i tida 1. september – 15. oktober. Bakgrunnen er at det er planlagt utbetningsarbeid på hytta; skifte av isolasjon, vindsperre, kledning og vindauge, og at dette er planlagt innflogge frå Nyhellerdammen. Det vert antyda 15 hiv med materialar kvar veg, og at transporten skal skje over to dagar – ein i starten og ein på slutten av perioden. I tillegg kjem inn- og utflyging av arbeidsfolk. Det er området der hytta ligg som er i statsallmenningen, ikkje området ved dammen. Søknaden med kart ligg ved.

Vurdering

Bakgrunnen for at søknaden er send til fjellstyret, er at fjellstyra for nokre år sidan, gjennom eit tillegg til § 12 i Fjellova, fekk overført den såkalla «samtykkekompetansen» frå Statskog, d.v.s. retten til å forby eller redusera motorferdsle i statsallmenningen. Før fjellstyret gjer vedtak, skal saka sendast Statskog SF til uttale (dette er gjort, og svar motteke. Statskog SF har ingen merknader).

Omfanget av flyginga er relativt stort; 15 turar kvar veg, fordelt på to flygedagar. Dersom dette skulle ha føregått på ei tid med rein og jakt i området, ville flyginga ha vore lite ynskeleg. Slik tilhøva er no, vil eg ikkje tru at det er nokon fare for at flyginga uroar villrein eller jakt. Det er mogleg at fiskarar og turgåarar vil reagere negativt på flyginga. Alternativet, å ta transporten på vinterføre, vil truleg ikkje vera noko særleg betre for dyreliv og friluftssinteresser. Eg meiner difor at fjellstyret bør gje løyve til transporten, som omsøkt.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret gjev DNT Oslo og Omegn løyve til helikoptertransport med landing ved Kongshellerhytta i Aurland statsallmenning i tida 1.9.-15.10., i samsvar med søknad motteken av fjellstyret den 6.6.23.

Fjellstyrekontoret, den 12.6.23

Harald Skjerdal

Hei,

Vi har behov for å gjøre en del utvendig vedlikehold på selvbetjeningshytta Kongshelleren i Skarvheimen. I vinter ble det oppdaget skader på isolasjon, vindsperre og utvendig kledning. Vi planlegger derfor å skifte en del isolasjon, vindsperre, kledning og vinduer på hytta i løpet av høsten. I tillegg trenger vi å legge ny takteking. I den forbindelse har vi behov for transport med helikopter mellom Nyhellerdammen og Kongshelleren (se flytrase på kartutsnitt nedenfor).

Tiltaket er tenkt utført i løpet av september 2023. Det er behov for transport av materiell og utstyr i starten og i slutten av prosjektet. Av økonomiske og praktiske hensyn tilstebes det å utføre all flyvning i løpet av to enkeltturer; én dag for utflyvning og én dag for returflyvning i enden av prosjektet. Omfanget av transporten estimeres til 10-15 hiv hver vei i tillegg til transport av personell. Det søkes derfor om transport med helikopter, 2 separate dager, i perioden 1.september til 15. oktober. 15 hiv hver vei pluss 1-2 turer med personell. Transporten skjer mellom kongshelleren og egnet lasteplass ved Nyhellerdammen.

Ta kontakt dersom noe mangler eller er uklart.

Med vennlig hilsen

Jon-Leo K. Svendsen

Bygningsansvarlig selvbetjente hytter i fjellet- [DNT Oslo og Omegn](#)

Tlf: 920 35 901 / jon-leo.svendsen@dnt.no

DNT Oslo og Omegn



